

## **Referat styremøte Herand Bygdelag 8.11.2016 kl 19**

**Desse møtte:** Gunnar Dalseth, Marit Huus, Lars Sæverhagen, Olav Strømsnes, Kaia Gulbrandsen, Kenneth Vikane, Sigmund Eiken, Una Eiken

**Referent:** Una Eiken

### **Sak 2016/73 Godkjenning av innkalling og dagsorden**

Ok

### **Sak 2016/74 Godkjenning av referat frå styremøte 18.10.16**

Ok

### **Sak 2016/75 Søknad til Liv&Lyst 2017**

Bygdelaget har starta søknadsprosessen og det var vilje i styret til å gå vidare med dette

### **Sak 2016/76 Status for støtte til båtbyggjarmuseet**

Bygdelaget har berre fått lovnad på halvparten av det som er budsjettert. I tillegg ser det ut til at prosjektet vert litt dyrare enn tenkt. Landsbylos Sigrid Handegard har sagt villig til å hjelpa til med å finna midlar ein kan søka på. I tillegg kan vi finna fram til private bedrifter som deler ut midlar til slike formål. Dette er ei sak som har vore under arbeid lenge, fleire styre har kome og gått, dermed er det vanskeleg å nøsta opp i heile prosessen.

Leiar vil samhandle med landsbylosen og skrive søknader, og ta dei gjennom ei enkel godkjenning i styret. Vi vil også be om å få utbetalt det vi har fått lovnad på utfrå dokumentasjon på det som er gjort allereie.

### **Sak 2016/77 Førebuing av basaren**

Basaren vert 29.12.16 kl 17.00. Dei som skal be om gevinstar frå bedrifter o.l. må ha med seg eit skriv som stadfester formålet med basaren. Me må snarast starta dette arbeidet. Leiar vil administrere fordeling mellom styremedlemmene på potensielle gjevarar av gevinstar. Loddsalet på bok startar i desember. Leiar tingar betalingsterminal frå Sparebanken Vest til basaren.

### **Sak 2016/78 Forslag til retningslinjer for handtering av kontantar**

Leiar kom med framlegg til retningslinjer, og har støtte frå revisor til det. Det er nok eit behov for slike retningslinjer, men me må likevel ha tillit til kvarandre og ikkje laga reglane så rigide at det vert vanskeleg og ubehageleg å gjennomføra dei. Det vart vedteke å godta retningslinjene med unntak av krav til å notere ned alle sal på tilstellingar.

### **Sak 2016/79 Skifte av forsikringselskap frå If til Gjensidige**

Landskapsparken har nett betalt forsikring på utstillinga, 2300 kr til If forsikring. Ved ny avtale med Gjensidige vert denne summen tilbakebetalt. Gjensidige er ikkje villig til å forsikra Meieriet, men har eit betre tilbod på kulturhuset, med lågare pris og meir innhald. If forsikrar i dag Meieriet, men det kostar omlag 18000,- i året saman med avtalen om kulturhuset. Spørsmålet er om det er råd å

forsikra berre meieriet? I avtalen med Trym står det at bygdelaget skal forsikra Meieriet. Enten må me revidera avtalen med Trym eller så må me få til ein avtale med If om forsikring av berre Meieriet, og undersøke om vi kan teikna forsikring for berre sommarmånadane.

Det vart vedteke at vi

- flytter forsikringa for kulturhuset til Gjensidige, men undersøker samtidig om If er villig til å dele opp sin avtale slik at dei forsikrar berre Meieriet
- undersøker hos If om premien kan reduserast fordi bygget er brukt berre i sommarmånadane
- prøver å reforhandle avtalen med Trym

#### **Sak 2016/80 Innflyttargåve**

Det vart laga liste over nye innflyttarar og ansvaret for å dela ut merksemda vart plassert.

#### **Sak 2016/81 Tidspunkt for neste møte**

Neste møte vert 6.12.16 kl 19.00 i kulturhuset.

#### **Sak 2016/82 Eventuelt**

Juletreet i båthamna vert tent laurdag 26.11 like etter basaren i bedehuset.

Bygdelaget løyver 2000 kr i honorar til Kvam ungdomstorband etter innslag på haustmarknaden.